

Transport for elevar til visningsstad, DKS

Dette gjeld berre kunst- og kulturproduksjonar distribuert av Vestland fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune (VLFK) dekkjer reiseutgifter for mest formålstenlege transportmiddel når vi ber skulen reise til ein annan skule eller spelestad.

Der det er høveleg, oppmodar vi skulane til å avtale felles transport.

Tinginga kan koordinerast gjennom kommunekontakten i den einkilde kommunen eller i direkte samarbeid skulane i mellom.

VLFK ved underteikna, vil sjølvsagt vere tilgjengeleg dersom de ynskjer hjelp.

Leige av for eksempel buss:

Skulane tingar sjølve buss direkte frå busselskap og avtalar med dei at dei fakturerer VLFK direkte.

Det vil vere ein stor fordel om de ber transportselskapet sende samlefaktura til VLFK for reisene som gjeld den aktuelle produksjonen, når fleire skular deltek. Vi ynskjer derfor at de opplyser om at det kan vere fleire skular som kjem til å bestille transport til same produksjon, men kanskje på ulike tider/dagar.

VLFK ber om at de nyttar elektronisk faktura.

E-fakturaadresse: **9908:821311632**

Aksesspunkt: Visma

Fakturaen merkast med ressursnummer **14333** i feltet «Deres referanse».

Vi minner om at det er svært vanskeleg å endre på dei oppsette tidene og ber skulane om å møte fram i god tid før framsyninga tek til (min. 15 minuttar).

Guro Strand

Guro.Strand@vlfk.no Tlf: 48 99 49 40

Seksjon for kulturformidling | Avdeling for kultur, idrett og inkludering